

SLUTTRAPPORT FOR PROSJEKT:

KOMPETANSEHEVING FOR NYE FRUKT- OG BÆRDYRKERE

Prosjektet starta opp i 2012 som eit samarbeidsprosjekt mellom Hjeltnes vgs, Sogn jord og hagebruksskule, Norsk fruktrådgiving Hardanger og Hardanger Fjordfrukt. Hjeltnes vgs har vore prosjektansvarleg.

Overordna mål: Auka produksjon, kvalitet og omsetjing innan frukt og bær på Vestlandet.

Prosjekt mål: Kompetanseheving og rekruttering innan frukt og bær dyrking i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Tiltak: Prosjektet skulle utvikle og gjennomføre kursmodular, tilpassa dei som skal starte opp og drive ein gard med frukt / bær dyrking. Kursa skulle vera korte og målretta, og leggja vekt på grunnkunnskap slik at dyrkarane i større grad kan ha utbytte av vidare kurs som landbrukstjenesta tilbyr.

PROSJEKTGJENNOMFØRING OG EVALUERING:

Det vart utvikla 4 kursmodular, kvar modul med fagplan som seier kva kurset inneheld.

Modul 1: Startpakke i frukt- og bær dyrking (5 dagar)

30 deltakarar

Kursstad: Hjeltnes vgs

Modul 2: Kjernefrukt (4 dagar)

18 deltakarar

Kursstad: Hjeltnes vgs og Utne

Modul 3: Steinfrukt (4 dagar)

15 deltakarar


Kursstad: Hjeltnes vgs og Utne

Modul 4: Bær (4 dagar)

8 deltakarar

Kursstad: Sogn jord og hagebruksskule, Aurland og Lærdal

Totalt 40 personar var med på kursa, på ein eller fleire modular, dvs vi kom opp i 71 deltakarar. Det var 1 person frå Akershus, 2 stk frå Rogaland, 13 stk frå Sogn og Fjordane og 24 stk frå Hordaland.





HJELTNES VIDAREGÅANDE SKULE HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Administrering av prosjektet vart gjort av Hjeltnes kompetansesenter, der ein tilsett hadde fagleg ansvar for utvikling av kursmodular og fagplanar / innhald i kursa. Prosjektgruppa besto av samarbeidspartane og vart utvida med fagperson frå Norsk landbruksrådgiving Sogn og Fjordane, som bidrog spesielt i arbeidet med fagplanen for bærmodulen. Prosjektet Grip Sjansen i Sogn og Fjordane hadde samanfallande mål for sitt prosjekt, og det var hensiktsmessig å samarbeida om kursveksenda. Fagperson frå Føregangsfylket for økologisk frukt og bær vart og med i prosjektgruppa, for å sikre den økologiske vinklinga i kursmodulane. Prosjektgruppa hadde 2-3 møter og i tillegg kontakt via epost. Hjeltnes kompetansesenter hadde ansvar for materiell til marknadsføring og administrasjon kring kursgjennomføring. For bærmodulen bidrog Sogn jord og hagebruksskule til gjennomføringa av kursdagane. På startpakka vart det hovudsakleg nytta lærarar ved Hjeltnes, på dei neste modulane vart det nytta fagfolk frå Norsk landbruksrådgjeving.

Prosjektgruppa:

Hjeltnes vgs, prosjektansvarleg	Andrid Solaas Innset
Hjeltnes vgs, fagleg utvikling	Asbjørn Børsheim
Norsk Frukt- og Bærrådgiving Hardanger	Jan Ove Nes
Hardanger Fjordfrukt / Dyrk Smart	Sjur Ove Svartveit
Sogn Jord og Hagebruksskule	Anne Karin Hatling
Føregangsfylket for økologisk frukt og bær	Frøydis Linden
Norsk landbruksrådgiving Sogn og Fjordane	Marianne Bøthun

Oversikt over framdrift og gjeremål i prosjektet:

gjeremål	2012	2013	2014	2015
Prosjektsøknadar	februar			
Møte prosjektgruppe	Innleiande møter i januar/februar Prosjektgruppemøte 24. september	Prosjektgruppe- møte 4. november		Avsluttande møte Mars/april
Arbeid / utvikling av fagplanar	Hausten -12	Våren -13		
Marknadsføring kursopplegg		Januar-mars		
Modul 1 Startpakke i frukt- og bær dyrking		11.-12. mars 3. juni 11.-12. november		
Marknadsføring modul 2-4		desember	Januar-februar	
Modul 2 Kjernefrukt			24.-25. februar 15.-16. sept.	
Modul 3 Steinfrukt			3.-4. mars 18.-19. august	
Modul 4 Bær dyrking			31. mars – 1. april 30. juni – 1. juli	
Evaluering			Hausten -14	
Sluttrapport				Februar – mars 10. april



EVALUERING

Deltakarane:

Evaluering av kvar kursmodul frå deltakarane er berre delvis gjennomført, av ulike grunnar.

Modul 1: Startpakke

Noko lav svarprosent, 17 av 30 stk. Men generelt gode tilbakemeldingar frå dei som har svart.

Når det gjeld kvaliteten på kursdagane gav 76 % poeng 4 og 5, på ein skala frå 1-5, der 5 er svært bra.

Nokre gav tilbakemelding om at det er ønskeleg med meir praksis, meir tid til skjering, og at det på nokre tema var for lite samkøyring. Nokre meinte kurset strakk seg over for lang tid.

Modul 2-4:

Sidan kursa strakk seg over lang tid, synes nokre at evalueringa frå modul 1 var litt for detaljert. Gjorde difor evalueringa mykje enklare ved å be om positivt ved kurset, negativt/kunne vore betre og innspel til forbetringar / nye kurs. Her var siste dag praktiske, difor vart svarprosenten veldig låg. Fekk mange tilbakemeldingar om gode foredragshaldarar, mykje god informasjon og at dei traff målgruppa bra.

Nokre gav tilbakemelding om at det var utfordrande med førelesing på engelsk, kunne vore noko meir praksis og litt korte fristar for tilbakemeldingar kring det praktiske på kursa.

Prosjektgruppa:

Erfaringane frå gjennomføringa av prosjektet er generelt gode. Tal deltakarar var noko høgare enn forventa, på dei fleste modulane. Bærmodulen burde hatt nokre fleire deltakarar, men vi valte å gjennomføre den likevel for å fullføre prosjektet. Vi kunne ønske at det var fleire med frå Sogn og Fjordane, lang reiseveg betyr nok ein del.

Kursdagane vart fordelt gjennom sesongen, for å kunne legge inn synfaringar / praksis ute i felt. Dette var vi litt usikre på i framkant og erfarte at ein del «falt frå» pga mykje å gjere heime i sesongen. Fekk og innspel på at det var strukket over litt vel lang tid pga dette.

Samtidig meiner mange at det kunne vore endå meir praksis.

Samarbeidsinstitusjonane vart nytta både som kursstad og tilsette vart nytta som foredragshaldarar. Informasjon og dialog i prosessen kunne frå Hjeltnes ha vore betre.



ØKONOMI

Budsjett og rekneskap:

Aktivitet	Budsjett	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Sum rekneskap
1.Utvikling og planlegging av kursmodular	Kr 100 000	Kr 65 000	Kr 50 000			Kr 115 000
2.Markedsføring (annonse og arbeid med marknadsføring, materiell osv)	Kr 50 000		Kr 33 000			Kr 33 000
3.Gjennomføring kursmodular *	Kr 100 000		Kr 37 000	Kr 115 000 ***	Kr 30 000 ****	Kr 182 000
4.Adm, møter, reiser, husleie	Kr 50 000	Kr 25 000	Kr 26 000	Kr 40 000		Kr 91 000
5.Evaluering	Kr 20 000			Kr 20 000		Kr 20 000
6.Mat / servering**			Kr 26 000	Kr 8 000		Kr 34 000
sum	Kr 320 000	Kr 90 000	Kr 172 000	Kr 183 000	Kr 30 000	Kr 475 000

* gjennomføring kursmodular vart dyrare enn budsjettet. Summen vart budsjettet noko høgare, kr 140 000, pga kursinntekter, når det vart bestemt at kursmodulane ikkje skulle vere heil gratis, likevel vart det noko meir for å få dei beste fagpersonane.

** mat / servering var ikkje lagt inn i budsjettet. Dette vert dekkja opp av kursinntektene som heller ikkje var budsjettet me di utgangspunktet.

*** i rekneskapen for prosjektet vart det i 2014 kjøpt tenester for kr 75 000 til føredragshaldarar. Kr 40 000 for undervisning frå NLR Sogn og Fjordane er ikkje med i rekneskapsutskrift hos oss, da det er komen direkte frå RULL Sogn og Fjordane til NLR. Men vi tek det inn i totalrekneskapen for prosjektet.

**** Utgifter til undervisning gjennomført hausten 2014 som kom først i 2015

Inntekter:

Frå	2012	2013	2014	2015	SUM
Fylkesmannen i Hordaland (Føregangsfylke for økologisk frukt og bær)		Kr 30 000			Kr 30 000
RULL Sogn og Fjordane (via Norsk landbruksrådgiving Sogn og Fjordane)				Kr 40 000	Kr 40 000
RULL Hordaland				Kr 50 000	Kr 50 000
KIL / Matmerk	Kr 80 000			Kr 80 000	Kr 160 000
Kursinntekter		Kr 47 000		Kr 63 000	Kr 110 000
Eigne midlar					Kr 50 000
SUM	Kr 80 000	Kr 77 000		Kr 233 000	Kr 440 000



Kommentarar til økonomi:

I prosjektsøknadane vart prosjektet totalt berekna til kr 320 000,-. Vi økte denne til kr 360 000,- når vi la på kursinntekter og såg at budsjettet for kursgjennomføringa var noko låg. Vi fekk litt fleire kursdeltakarar enn forventa og kr 10 000 meir frå Sogn og Fjordane enn budsjettert, og totalinntekta for prosjektet kjem difor på kr 440 000,- . Likevel har prosjektet eit meirforbruk på kr 35 000,- som Hjeltnes sjølv må dekkja inn.

SLUTTVURDERING

Hjeltnes 27. mars 2015
Andrid Solaas Innset